

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet

Møtenummer: 4/2025
Dato: 04.12.2025
Tid: 09-10.30
Stad: Ombo oppvekstsenter, konferanserom

Til stades:

Else Christine Rodvelt (1.-4. trinn), Erlend Nes (5.-7.trinn), Regine Hidle Ådland (barnehage), Iben Soma Nårstad (elevråd), Elvine Nes (elevråd), Johanna Nes (elevråd), Magnhild Skartveit Olsen (skule), Tove Bergjord Tysdal (barnehage) og Mary-Janne Rørheim (andre tilsette)

Saksliste

Sak 8-25/26: Godkjenning av referat og innkalling

- Referat og innkalling godkjent.

Sak 9-25/26: Oppfølging av saker frå forrige SU

Arrangement før jul: Nissefest og grautservering vert torsdag 18. des, etter julegudsteneste. Fau ynskjer tilbakemelding på kor mykje graut dei skal koke, og om allergiar.FAU stiller med nisse til nissefesten. Denne deler ut ein liten ting til borna.

Sakar frå elevrådet: Skulen har kjøpt inn kjeglar. Ruben venter på svare ang. maling av betong-vegg ved klatreveggen.Ruben skal sjekke ut om det er mogleg å få mikro i klasserom, har ikkje sjekka enno.

Status bemanning i barnehagen: Ruben fortel at det oppleves greit frå vår side som barnehage, me opplever at bemanninga er god, og at ein kan gi eit godt pedagogisk opplegg for både dei små og dei store. Dagane no er prega av advent, der alle er med på felles adventssamling, som erstatter dei vanlege samlingane på avdelingen. Bhg-repr opplever at det går fint med den bamanninga som er, og har ikkje noko særskilt tilbakemelding frå føresette.

Ferier i barnehagen:

a: Status ynskje om tre-vekers sommarstengt barnehage: Dei fleste foreldra som har svart ynskjer tre-vekers ferie i plassen for fire. Ruben sjekker om det er mogleg å få til dette allerede i 2026. Innspel frå SU om at det er behov for å gjere rede for korleis det er praktisert no, og kvifor det eventuelt er lovlig, all den tid det praktisere ulikt ellers i kommunen. Dette gjeld også om ein går for tre veker.

b: behov for halve dagar onsdag i påskeveka, 24. og 31. des 2026 (kommentar: dette burde ha vore ein eigen sak, men havna her for å ha same saksnummer som i innkallinga)

Ruben informerte om at SU har mandat til å bestemme om bhg skal være open 24 des, 31. des og onsdag i påskeveka. Dette er no halve dagar, og ofte er det lite barn. Om det er behov for dette så vil bhg være open. Om det ikkje er behov så vil ein ha stengt. Bhg-repr skal høyre med foreldre om det er ynskje om barnehage tilbud onsdag i påskeveka (onsdag 1.4.2026). Dette vert avgjort på neste SU-møte i februar. Tar opp desemberdagane tidleg på hausten i 2026.

Ynskje frå SU om at det bør informerast om dette på foreldremøtet på hausten, der ein også opner opp for innspel til SU. (Både at opningstidene kan bli endra i juleferien, om ikkje det er meir behov og at ein skal vurdere om stengt 24. des, 31. des og onsdag i påskeveka.)

Forslag til innstilling barnehageopptak sendt til SU for gjennomlesing:

Barnehage-eigar har sendt dette vidare til myndigheten. Innspel om at ein kunne ha bygd betre opp under poenget med intensjonsavtalen, særleg sidan dette skal behandlast politisk. Ruben seier at me ser korleis dette vert tatt imot, og kan evt gjere nye vurderingar på korleis ein skal gå fram om ein får negativt svar.

Sak 10-25/26: Strategi for kvalitet i Stavangerskolen: til gjennomlesing

Dokumenta er sendt ut til representantane i forkant av møtet til gjennomlesing. Ruben gav ein kort presentasjon av dokumenta. Borsjyren om plikter og ansvar som forelder vil bli sendt ut til føresette i Vigilo.

Sak 11-25/26: Foredrag av FUG, etter ønske frå FAU

FUG (Foreldreutvalget for grunnopplæringen) tilbyr gratis foredrag i Stavanger veke 7 om godt samarbeid mellom skole og heim. Foredraga retter seg mot ansatte, FAU og foreldre, og bygger på forskning og praksiserfaring.

- FAU har meldt interesse både frå Sjernarøy og Ombo. Det vert sett opp foredrag på Sjernarøy måndag 9. februar kl 19-21. Dette skal være tilpassa ferjer frå Ombo og Fogn.
- Det vert sendt ut informasjon og invitasjon i Vigilo.

Sak 12-25/26: Avvikling av KOM-prosjektet

Samtale kring kva ressurser det ville ha krevd å få det opp igjen. Repr frå 5-7 sa at om det berre hadde vore snakk om pengar så hadde det vore noko å kjempa for, men om det var manglande menneskelege ressursar, som motivasjon og overskudd det gjekk på så var det litt annleis. Ein vart samde om å la det liggja, og evt ta det opp igjen om nokre år og sjå om det er mogleg å finne ei opning. Når KOM forsvinn så synes foreldre at det er viktig at det vert treff-punkt mellom elevane og at det vert prioritert.

Innspel frå elevrådet:

Det er bra med 7. klasse-treff, men om det er sjelden så er det vanskeleg å få god relasjon. På 7. klasse-treff blir ein ofte delt opp i grupper, og det er ikkje sikkert at ein kjem på dei gruppene ein ynskjer. Dette gjaldt både friminutt og timar. KOM hadde eit felles mål, og det var veldig samlande for gruppa. Det kan oppleves positivt for gruppa. Elevane visste ikkje at det var krevjande å få KOM-prosjektet til å gå rundt, dei hadde satt pris på å få beskjed tidlegare i prosessen.

Sak 13-25/26: Ymse

Saker frå elevrådet:

- Ønske om tur til Grieg seafood for å lære meir om fiskeoppdrett
- Ønske om å få reparert nettingen i ballbingen
- Ønske om søppelbøtter ved ballbingen da det er ei utfordring med søppel på området, gjerne etter helg.

Informasjon om ny tilsetting i skulen: Reidun Aabrekk Bråtveit er tilsett i eit 40% vikariat frå 1.12.25-31.07.26. Det var lyst ut 80%, men ingen aktuelle kandidatar. Det vert gjort vurdering på om ein vil lysa ut dei resterande 40%.

Spørsmål kring budsjett: Skulen har god dialog med skuleeigar, som viser forståing for at ein ikkje kan samanlikne oppvekstsentra med større skular, og at det også framover vil være behov for ein anna tildelingsmodell enn for dei større skulane.

Dato for neste møte: torsdag 26. feb kl 09.00

Med venleg helsing

Ruben Fjell

Avdelingsleiar barnehage, skule og SFO
Ombo oppvekstsenter